

Meland kommune

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 18/2567

Dykkar
referanse:

Dato: 14.02.2018

Meland kommune Hordaland - høyring av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel - uttale

Vi viser til e-post sendt 06.02.2018 frå Kristin Nåndal med kunngjøring av oppstart av arbeid med revisjon av arealplan for Meland og høyring av framlegg til planprogram.

Om planprogrammet – tema og for rulleringa

Planstrategi for Meland kommune 2016 – 2020 som vart vedtatte 09.11.2016 slår fast at arealdelen av kommunen sin arealplan skal rullerast på deltema. I planprogrammet ber kommunen publikum og offentlege instansar om å kome med innspel til følgjande revisjonstema;

- Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt areal for djupvasskai
- Areal for gjenbruksmasser (div. typar jord og stein) i kommunen
- Reiselivsrelatert næringsutvikling, t.d. Meland Golf
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser

Fiskeridirektoratet region Vest sitt ansvarsområde

Fiskeridirektoratet region Vest er statleg sektormynde for forvaltning av fiskerinæringa i medhald av lov av 6. juni 2008 nr 37: Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (Havressurslova), og for forvaltning av akvakulturnæringa i medhald av lov av 17. juni 2005 nr. 79: Lov om akvakultur (Akvakulturlova). I kommunale planprosessar etter Plan- og bygningslova deltek regionkontoret for å sikre at fiskeri- og akvakulturnæringa får gode rammevilkår og for å sjå til at omsynet til marint biologisk mangfald vert teke vare på.

Innspel til planprogram

På generelt grunnlag meiner vi at planprogrammet er godt disponert og gjev ei oversiktlig presentasjon av revisjonstema, opplegg for konsekvensutreiing, medverknad og vidare planprosess.

Kommunen vil ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale og kartlegge kva moglegheiter og avgrensingar denne næringa har innanfor kommunegrensa, både i sjøområda og på land. I arbeidet med å vurdere areal for akvakultur, vil kommunen også vurdere alternative område for djupvasskai. Tidlegare planlagt djupvasskai på Hjertås kan ikkje vidareutviklast av omsyn til militær forbodssone. Eit interkommunalt prosjekt i Nordhordland er under arbeid der ein vil kartlegge næringa i område, syne mogeligheiter og innføre felles praksis i regionen. Det interkommunale arbeidet vil gå parallelt med rullering av arealplanen.

Fiskeridirektoratet arbeider for ei balansert og berekraftig utnytting av kystsona med utviklingsmogeligheiter for marine næringar, og vi ser vi positivt på at kommunen har som målsetting å legge til rette for akvakulturnæringa. Vi understreker samstundes at kommunen gjennom arealplanlegging i sjøområda må ta vare på tradisjonelle fiskeriinteresser og marine ressursområde. Fiskarane sine interesseorganisasjonar skal høyrast gjennom planprosessen slik at dei får høve til å uttale seg og legge fram sine synspunkt. Vi ber om at planlegging av akvakulturområde vurderast mot bruk av sjøområde til fiske, og at arealplanlegginga ikkje vert til risiko for viktig marine ressursområde som er registrert i sjøområda. Fiskeridirektoratet har overordna ansvar for sjå til at desse interessene vert teke vare på i arealplanlegginga. Vi viser til kartløyning på Fiskeridirektoratet si heimeside der ein finn registrerte fiskebruksområde og fiskeressursområde under tema 'Kystnære fiskeridata' <https://www.fiskeridir.no/Kart>. På kartløyninga finn ein også godkjente lokalitetar for akvakultur etter art og føremål.

Fiskeridirektoratet ber om vidare orientering gjennom planprosessen og vi kan hjelpe med svar på spørsmål knytt til arealplanlegging i sjøområda, fiske og akvakultur. Framlegg til arealplan med kart og føresegner sendast på høyring til Fiskeridirektoratet region Vest. Hugs å nytte adresse til Fiskeridirektoratet sitt felles postmottak; postmottak@fiskeridir.no. Nyttar de svar ut må de nytte organisasjonsnummeret til Fiskeridirektoratet; 971 203 420

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
----------------	-------------	------	----------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Regionalavdelinga			
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND

KOPPI